

Velkommen til 24 hours festival i Gullbring 25.-26. januar 2020

Her kjem litt praktiske opplysningar til deg og foreldra dine.

TIDSPUNKT: Festivalen startar kl. 12.00 laurdag, og varer til kl. 12.00 på sundag. **Vi åpnar for registrering frå kl. 11.00 på laurdag.** Fram til festivalen åpnar kl. 12 er det ikkje noko opplegg for barna, så ikkje lever dei før 11. Sundag kl. 11.00 er det avslutning, der bl.a. barna skal opptre. Det er veldig hyggeleg om foreldre og andre har anledning til å komme og bli med på det. Vi sett fram kaffe frå kl. 10.30.

TA MED: Liggeunderlag, sovepose, pute og tannbørste. Badetøy og handkle viss du skal bade, og evt. litt pengar til Gullbringkiosken. **Hugs å merke alle ting med navn.** Gjengløynte ting havnar på hittegodslageret i Gullbring etter at festivalen er slutt.

MAT OG ANNA: Frukt og vatn står framme under heile festivalen. Det er lurt å ikkje være altfor sulten når du kjem. Hugs å si frå om **allergi, matintoleranse og medisinerbruk** på førehand. **Vi må også få beskjed om du treng spesiell oppfølging for at du skal få ein fin festival.** Det kan du gjere ved å svare på denne eposten.

OVERNATTING: Alle barna skal sove i idrettshallen eller i andre rom i Gullbring, og det blir fleire vaksne der også. Nokre av dei vaksne er vakne heile natta og passar på. Har du lyst til å legge deg i fred og ro før nattkino, blir det mulighet for det. Gi gjerne beskjed på forhånd.

MOBIL: Vi ønskjer at du **legg mobil/ nettbrett igjen heime.** Den skal uansett ikkje brukast under arrangementet, og det er fort gjort at den blir øydelagt eller borte under aktivitetane. Festivalen tar ikkje ansvar for mista og øydelagte eigedeler. Viss foreldra treng å kontakte oss, kan de ringe Liv Mari Bøstein **45278256** eller Signe Vreim Østtveit **97182146**, som skal sitte i festivalkontoret (ved inngangen til idrettshallen) under festivalen. Dit kan også ungane komme viss dei må ringe heim.

Vi ønskjer heller ikkje at du har med nokon form for energidrikk på festivalen. Du treng å sove til natta.

VIKTIG: Dersom drar heim før festivalen er slutt, så må du si frå til festivalkontoret for at vi skal kunne ha full oversikt. Viss du skulle bli sjuk eller av andre grunnar ikkje kjem likevel, vil vi gjerne ha beskjed så fort det blir forandringar.

BETALING: Siste frist for betaling via bank er **21. januar til kontonr. 2801.53.52096.** Det kostar kr. 500 pr. pers, 450 for søsken 2 og 3. Etter 21. januar kan du betale på vipps når du kjem, vi tar ikkje kontanter.

Da er det bare å glede seg til 25. januar! Vi er mange i arrangørgruppa som også gleder oss til å sjå deg på 24 hours festival. ☺

Programmet blir slik:

11.00-12.00	Registrering	21.45	Rigge til legging
12.00-12.30	Stage 1: Åpningsshow	22.15-23.45	Nattkino
12.30-15.30	Aktiviteter	23.45-08.00	Ro, sov godt
13.00	Bollar og frukt. Frukt og vatn står framme under heile festivalen	08.00- 08.30	Vekking, pakking
13.00-20.00	Kiosken åpen	09.00-09.30	Stage 4: Morgosamling inkl. frokost
15.30-16.00	Stage 2: Teambygging	09.30-11.00	Aktiviteter
16.00-16.30	24 Battle	11.00-12.00	Stage 5: Gudsteneste
17.30	Pølser og brød		Åpent for alle, barna deltar
17.00-20.00	Aktiviteter inkl. bading	12.00	Velkommen
20.15-21.45	Stage 3: Kveldstanker og bønnevandring		Slutt
20.15	Kveldsbauggett og istårn til dessert.		

Helsing 24 hours festival i Gullbring

Kontaktpersonar: **Ulefoss:** Liv Mari Bøstein (45278256 liv.mari@nome.kirken.no) **Lunde:** Cathrine Friberg (caaathrine@hotmail.com) **Seljord:** Ragnar Norstrud (ragnarnorstrud@msn.no) **Sauherad:** Anders Kristian Rønning (93007632 ak@sauherad.kyrkja.no) **Bø:** Signe Vreim Østtveit (97182146 signe@bokyrkje.no)